



Norconsult AS  
Økland John Ingvald

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2507 - 16/7981

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
22.04.2016

## Godkjenning - GBNR 36/1 - Løyve til utlegging av kommunal vassleidning i sjø frå Ådland til Landsvik

**Administrativt vedtak. Saknr: 105/2016**

**Tiltakshavar:** Meland kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Norconsult AS, org.nr 962 392 607  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Norconsult AS har ved søknad journalført 29.3.2016, sist supplert 11.4.2016, søkt om løyve til utlegging av ny kommunal vassforsyningsleidning i sjø frå Ådland til Landsvik.

Prosjektet gjeld etablering av overføringsleidning for vatn frå Ådland til Landsvik for å knytte nordre del av kommunen til Meland vassverk. Samla sett omfattar tiltaket om lag 3km sjøleidning og om lag 1km leidning i grøft på land. Føreliggjande søknad gjeld sjøleidninga. Vedlagt søknaden ligg trasé- og profildeikningar som skildrar tiltaket, samt situasjonsplan/oversiktskart.

Den delen av tiltaket som ligg på land ble godkjent gjennom administrativt vedtak av 19.10.2015, sak 380/2015. Tiltaket ble godkjent på vilkår av Bergen og Omland Havnevesen gjennom vedtak dagsett 15.1.16.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Sjøleidningstraseen ble nabovarsla 31.8.2015 saman med tiltaket på land. Administrasjonen vurderer at det uansett ikkje er trong for særskilt nabovarsling av tiltaket i sjø, jf pbl § 21-3, 2. ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Leidningstraséen og tiltaket elles kjem ikkje i konflikt med gjeldande kommuneplan. Sjøareal er avsett til arealkategorien 'Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone'. I føresegn 3.3. til KPA er det fastsett at denne arealkategorien ikkje er til hinder for utlegging av sjøleidningar for vatn. Tiltaket kjem heller ikkje i konflikt med byggjeforbodet i strandsona (unntak for kommunalteknisk anlegg, jf føresegn 1.6.0 til KPA).

Kommunen sin godkjente VA-norm skal leggjast til grunn for tiltaket, jf føresegn 1.4.1 til KPA. Tiltaket er elles i samsvar med tiltaksplan/hovudplan for vassforsyning vedteke av Meland kommunestyre 17.12.2014, sak 85/2014. På denne bakgrunn vert tiltaket vurdert å vere i samsvar med føresegn 1.5.2 til KPA som inneheld krav om felles plan for infrastruktur innanfor areal sett av til bygg og anlegg.

Tiltaket vert etter dette vurdert å vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel både kva gjeld arealkart og føresegner, og er heller ikkje i strid med vedtekne reguleringsplanar.

#### Plassering og utføring av tiltaket:

Tiltaket skal plasserast og utførast som vist på vedlagte oversiktskart og plan- og profilteikningar.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

#### **VEDTAK:**

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a og f, blir det gitt løyve til graving og nedlegging av vassforsyningsleidning frå Ådland til Landsvik som omsøkt, jf søknad journalført motteke 29.3.2016, supplert sist 11.4.16. Tiltaket skal plasserast og utførast som omsøkt, jf oversiktskart og plan- og profilteikningar journalført motteke 29.3.2016.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følgjer av vedtaket eller vurderinga over.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vedlegg D kart

Vedlegg E Plan og profil, prinsipp

**Mottakere:**  
Norconsult AS

Økland John  
Ingvald